

# SJH—Landsline økologisk landbruk

Bærekraftig kretsløpslandbruk, allsidig gardsbruk i økologisk drift og praktisk erfaring i gardsdrift. Vg2, Vg3.



**S J H**  
sogn jord- og hagebrukskule

*Kunnskapssenter for bærekraftig og  
framtidsretta økologisk landbruk  
Nasjonalt fagmiljø for foredling av rå,  
upasteurisert mjølk.*

## Landsline økologisk landbruk Vg2 og Vg3 - plass til 52 elevar. SJH og miljøet rundt medverkar til å

- gje kunnskap til bønder for å dekkje aukande marknad for økologisk mat
- fremja nasjonale målsetjingar om større økologisk produksjon og forbruk
- gjera heile landbruket meir miljøvennleg
- gje ein del av Norge sitt svar til FN-organa FAO og IFAD, som framhevar økologisk landbruk som globalt viktig for klimautfordringa og for matsikkerheit.

SJH har omfattande aktivitet ut over vidaregående opplæring med kursverksemd og kompetanseutvikling - sjå tekstboks under og rekneskapsoversyn på side 2



## SJH RESSURSENTER OG KOMPETANSENAVET VEST

Ressursenteret på SJH - avdeling med ansvar for organisering av kurs/seminar, studeturar, omvisingar og utviklingsprosjekt i all hovudsak innanfor følgjande fagtema:

- ⇒ Økologisk produksjon og småskala foredling
- ⇒ Foredling av rå, upasteurisert mjølk—nasjonale kurs i oppdrag frå LMD via Kompetansenavet Vest/innovasjon Norge. Grunnlaget for dette er 15-20 årig samarbeid med Pascale Baudonnell og Norsk Gardsost.
- ⇒ Inn på tunet, tilrettelagte, kvalitetssikra tenester på gardsbruk — fagmiljø og tilbod på SJH for helse, skule og omsorg i Aurland/regionen
- ⇒ Stadbasert lærings og entreprenørskap i nært samarbeid med Norsk Universitet for Miljø- og biovitenskap (NMBU) på Ås

Kompetansenavet Vest er administrativt knytt til SJH, men aktiviteten er styrt av eit regionalt samansett styre. Det er eitt av fem matfaglege nettverk i Norge etablert i 2001, og skal medverka til utvikling og med kompetansetilbod til bønder som ynskjer å vidareforedle råvarene sine sjølv eller samarbeide med reiselivet om opplevingar knytt til lokalmat. Dekkjer og koordinerer prosjekt i Hordaland og Sogn og Fjordane i tett samarbeid med FMLA, Innovasjon Norge, fylkeskommunane og næringsutviklinga på kommunalt nivå, sjå elles [www.kompetansenavet.no](http://www.kompetansenavet.no). Bønder som søker kompetanse får hjelp gjennom

- ⇒ Besøksordninga—skreddarsydd næringsmiddelfagleg hjelp frå høgt kvalifiserte fagfolk - til den enkelte bedrift
- ⇒ Kurstilbod som Kompetansenavet arrangerer i samarbeid både med SJH og andre vidaregåande skular som har ansvar for kompetansetilbod til bønder og matbedrifter. Sjå [www.landbrukskurs.no](http://www.landbrukskurs.no) - felles nettside for alle kurstilbod mot målgruppa.



# Vidare liv for SJH blir avgjort denne våren

Skuleeigar Sogn og Fjordane Fylkeskommune (SFFK) har ansvar for bygg og drift ved SJH. Skuleeigar set vilkår om finansiell medverknad frå Staten, vertskommunen Aurland eller andre for å halda fram drifta av Sogn Jord- og Hagebruksskule. Staten og kommunen er utfordra på

- ⇒ å medverke med 40 % i finansieringa av første byggetrinn—kostnadsrekna til 43 millionar kroner.
- ⇒ å inngå intensjonsavtale med skuleeigar SFFK om finansiell medverknad på byggjesteg to til ca 30 mill. kr.
- ⇒ å dele på driftskostnader som ikkje tilskotet frå Staten og driftsinntekter dekkjer, saman med SFFK.

**Skuleeigar SFFK tek endeleg avgjerd om SJH si framtid på fylkestinget i juni.**

## FAKTA OM ØKOLOGISK LAND-BRUK I NORGE

5% av jordbruksarealet er økologisk

1,2 % av forbruket er økologisk. Langt bak land i EU. Enkelte kategoriar høgare ( egg og barnehøemat(25%).

Vekst forbruk 2012: 17%.

Forventa høgare vekst i 2013.

Betalingsvilje: 36% av befolkninga betaler meir for økologisk om dei får tak i—særleg bær, frukt og grønt .

Mjølk: utfordring at ca 40% av den økologiske mjølka vert omsett som konvensjonell og forbrukaren får ikkje tak i økologisk mjølk i heile landet. Potensial for direktesal.

## Driftsrekneskap SJH 2012

Driftsinntekter 2012	mill. kr
Statleg driftstilskot landslineordninga	8,54
Tilskot 2012 frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune	1,67
Inntekter skulegård og div. undervisning	3,69
Butikk, Internat, Ressurssenter/Kompetansenavet	10,58
<b>Brutto inntekter (inkl. 1,9 mill interne transaksjonar )*</b>	<b>24,48</b>
Inntekter skulegård og kommersiell drift % del av totale inntekter	58 %
Driftsutgifter 2012	
Undervisning og skulegårdss drift	14,14
Butikk, Internat, Ressurssenter/Kompetansenavet	10,58
<b>Brutto inntekter (inkl. 1,9 mill interne transaksjonar )*</b>	<b>24,72</b>
* Interne transaksjonar for sal av varer mellom gardsbruk/butikk og oppmøtingar Ressurssenter/Kompetansenavet.	
Driftsresultat 2012 - underskot	0,24

## Elevtal SJH

Antal plassar:	52	
Skuleår:	Elev-tal:	oppfyllingsgrad:
2009/10	30	58 %
2010/11	36	69 %
2011/12	41	79 %
2012/13	28	54 %
2013/14	35	67 %

Rekruttering til naturbruksutdanning er utfordrande over heile landet, SJH opplever same trend, men er ein av dei skulane som utdannar flest agronomar.



Støtt opp om arbeidet for å tryggje og utvikle Sogn Jord- og Hagebruksskule

Les meir om skulen på [www.sjh.no](http://www.sjh.no), eller ta kontakt: sjh@sfj.no / 57632650

